

Hordaland Fylkeskommune.
ØKONOMIAVDELINGA
Eigedomsseksjonen
Postb. 7900
5020 Bergen

25.02.15

Søknad om midlar til opprusting av fylkeskommunale gardsbruk 2015

Dykkar referanse 2014/577-36


Viser til brev frå Eigedomsseksjonen 26.01.15 om midlar til opprusting av fylkeskommunale gardsbruk og kjem med fylgjande prioriteringar for Hjeltnes vidaregåande skule.

1. Ny moderne frukthage

Frukthagen på Hjeltnes er i dag satt saman av kring 40 daa frukt av ulike sortar og alder. Me har gjennom mogleiksstudiet vurdert heile frukthagen og planlegg å fase ut nokre av dei minst klimatisk gunstige felta og heller satse på moderne tidsriktig frukthage på dei beste teigane våre. Dette vil vere viktig for opplæringa av dei to gartnarklassane våre, framtidig produksjonsskule og fagskule innan lokal gastronomi. Feltet ligg tett inntil tunet på Hjeltnes og er slik enkel å ta inn i undervisninga og vil vere svært synleg på skuleområdet. Ein moderne frukthage krev dessutan mindre arbeid og gir høgre avling/inntekt.

Den største kostnaden med moderniseringa av frukthagen er å rydde og plante eit areal på kring 7 daa til produksjon av økologiske eple av sorten Aroma og Discovery med moderne dyrkingsmetodar. I det ligger det tett planting (ca 0,75 meter mellom trea og 4 meter radavstand), kraftig oppbygningssystem, dryppvatningsanlegg og gode tilhøve for stell av hagen.

Totalpris for dette feltet er kostnadsrekna av landbrukskontoret ved Rolf Tore Djønne til kr 410 000,-. Me har tenkt å gjennomføre denne moderniseringa over to år der me i 2015 gjennomfører ca halvdelen. Me søker derfor i år om halve kostnaden; 210 000,-, til utbetring av ca 3,5 daa og kjem attende neste år med tilsvarande for resten av feltet.



Nytt fruktfelt der halvdelen vert etablert i 2015 og resten i 2016

2. Nye kjøleaggregat til kjølelager

Kjøleanlegget på «grønsakslageret» som vert nytta både til frukt, potet, grønnsaker, skogplanteskulen og planteskulevarer har i mange år vore svært dyrt i drift p.g.a. stadige lekkasjar og manglar. Eigedom v/Inge Kolås har vurdert at tida er moden for å skifte kjøleaggregata i staden for stadig å måtte ha kostbare reperasjonar på det. Eigedom har innhenta prisar og kostnaden med nye kjøleaggregat er kring 200 000,-.



Kjølelager som treng
nye kjøleaggregat

Totalt søker Hjeltnes vidaregåande skule om:
210 000,- til trinn 1 av nytt moderne fruktfelt
200 000,- til nye kjøleaggregat til kjølelageret
410 000,- totalt

Me ser fram til eit positivt svar. Ta kontakt dersom det er trong for fleire opplysningar eller de har spørsmål.

Med beste helsing

Gunnbjørg Øyre
Rektor
Hjeltnes vidaregåande skule